

Klage på opplæring/undervisning

1. Elev eller elevar som meiner opplæringa/undervisninga i eit fag ikkje er tilfredsstillande, skal som hovudregel ta dette opp direkte med den faglæraren det gjeld.
 - Lærarar set pris på konstruktive tilbakemeldingar
 - Den eller dei elevane som meiner opplæringa i faget ikkje er tilfredsstillande kan ta det opp med faglærer sjølv eller via tillitsvald i klassen/faggruppa. Dersom heile klassen er samde om at det er behov for endringar i opplæringa/undervisninga, bør tillitsvald i klassen/faggruppa koordinere og ta kontakt med faglærer.
 - Ver så konkret som mogeleg på kva som ikkje har fungert tilfredsstillande, og ha gjerne konstruktive forslag til kva som kan gjerast betre
 - Avtal eit møte mellom elev(ane) og faglærer der de går gjennom kva som ikkje fungerer godt nok, og saman forsøker å finne løysingar.
2. Dersom elevar eller klassar tek opp klager på opplæring/undervisning med andre tilsette enn læraren det gjeld (t.d. kontaktlærer, rådgjevar, miljøkoordinator, andre faglærarar i klassen), skal desse be eleven/klassen om å ta det opp med læraren det gjeld, eller vise dei vidare til korleis dei kan klage til avdelingsleiar. Andre tilsette skal ikkje sjølv handsame klagen eller forsøke å løyse saka på vegne av elevane.
3. I dei tilfella der eleven/elevane sin dialog med faglærer jf. pkt. 1 ikkje fører til betring som gjer opplæringa tilfredsstillande, eller dersom eleven/elevane har særskilte grunnar til at ein ikkje kan ta saka opp med læraren det gjeld, kan eleven/elevane klage skriftleg til avdelingsleiar.
 - I klagen skal det gå fram
 - i. Datering og underskrift frå den/dei som klagar. Dersom tillitselev formulerer klagen, men klagen ikkje er på vegne av heile klassen, skriv dei som stiller seg bak klageinnhaldet under.
 - ii. Så konkret, presist og sakleg som mogeleg kva tilhøve klagen gjeld.
 - iii. Når saka var teken opp med læraren det gjeld og kva som kom ut av dialogen med faglærer. Dersom saka ikkje har vore teken opp med læraren det gjeld, må det eventuelt gjerast greie for kvifor ein ikkje har ønska å ta det opp med læraren.
 - iv. Eventuelle forslag til løysingar som kan gjere opplæringa tilfredsstillande.
 - Føresette til elevar under 18 år kan også klage på vegner av eleven. Dersom eleven er 18 år, er det naudsynt med fullmakt frå eleven.
 - Elevar kan levere anonym klage, men anonyme klager vil normalt ikkje bli følgd opp fordi det då vil vere uråd å få opplyst saka og kunne finne løysingar som gjer at opplæringssituasjonen for den som klagar kan betrast.
4. Ved skriftleg klage til avdelingsleiar vil avdelingsleiar informere lærar om klagen. Avdelingsleiar vil så raskt som mogeleg innkalle elevane til eit møte for å få saka best mogeleg opplyst frå elevane si side. Deretter vil avdelingsleiar avtale eit møte med lærar der lærar får legge fram sitt syn på saka, og der ein blir samde om korleis saka skal følgast opp med elevane. Normalt vil den første oppfølginga vere at avdelingsleiar legg til rette for eit møte mellom lærar og elevar, der avdelingsleiar deltek og fører referat.
5. Eventuelle tiltak knytt til personaloppfølging som avdelingsleiar finn føremålstenleg har elevane ikkje rett til informasjon om eller innsyn i.
6. Dersom innhaldet i klagen er av ein slik karakter at det fell inn under opplæringslova §9-A5 skal saka handsamast etter retningslinjene for slike saker. Eleven/elevane skal då orienterast om at ein vurderer klagen til å vere ein klage etter §9-A5, og informerast om saksgangen i slike saker.